

Torsk



Status og råd

Både totalbestanden og gytebestanden vaks raskt etter 2006 og nådde toppen i 2013. Etter dette har det vore ein nedgang, men både totalbestanden og gytebestanden er framleis godt over langtidsgjennomsnittet for 1946–2014. Gytebestanden i 2015 er berekna til 1,1 millionar tonn, medan totalbestanden er berekna til 3,0 millionar tonn.


Bestanden blir forvalta av Noreg og Russland i fellesskap. Den gode bestandssituasjonen skuldast i stor grad at ein har følgd forvaltingsplanen i fleire år. Torsken har dessutan spreidd seg utover eit større leveområde i Barentshavet dei siste åra, noko som truleg heng saman med høge temperaturar og store isfrie område. Vekst og kjønnsmodning ser så langt ikkje ut til å vere påverka av auken i bestandsstorleik.

Fiskeri

Totalkvoten for 2014 var 993 000 tonn, medan den totale fangsten var 986 000 tonn, den høgaste sidan 1974. Norsk fangst utgjorde 432 000 tonn i 2014. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøyene, Island, Spania, Storbritannia, Grønland, Frankrike, Tyskland, Polen, Portugal, Kviterussland og Estland. Om lag 70 % av årsfangsten blir tatt med botntrål, og resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa. Fangsten i 2014 var svært nær den avtalte kvoten, som igjen var i tråd med forvaltingsplanen.

Nordlegare gyting

Ein stadig større del av den gytemodne torsken (skrei) vert fiska nord for det tradisjonelle hovudgyteområdet i Lofoten. Mykje skrei er tatt langs kysten nordover frå Lofoten til Sørøya (eit tradisjonelt gyteområde) og også på kysten av Vest-Finnmark. Fenomenet er ikkje nytt; også i perioden 1930–1950 var det ei nordleg gyting. Dette veit vi frå fangststatistikkar (leveransar av rogn og torsk fordelt på område langs kysten). I perioden 1930–1950 var det varmare enn normalt i havet, slik det også er i dag, og dette trur vi er ein av hovudgrunnane til at gyteområda har flytta seg nordover.



Bestand og fangst av nordaustarktisk torsk.
Stock size and catch of Northeast Arctic cod.

NORDAUSTARKTISK TORSK

Torsk – *Gadus morhua* – Northeast Arctic cod

Andre namn: Skrei, jedd, jadd, bruning

Familie: Torskefamilien

Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg

Utbreiing: Barentshavet

Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen

Gytetidspunkt: Mars–april

Føde: Fisk og krepsdyr

Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2016: 894 000 tonn,
norsk kvote: 390 240 tonn (ekskl. kysttorsk)

AVTALT KVOTE 2015: 894 000 tonn,
norsk kvote: 393 920 tonn (ekskl. kysttorsk)

FANGST 2014: 986 000 tonn,
norsk fangst: 432 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2014: Ca. 4 milliardar
kroner



Fakta om bestanden:

Torsk er ein rovfisk tilknytt botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefelta for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i mars–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, der yngelen botnslår seg seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76°N og 50°Ø). I varme år går utbreiinga lenger nord og aust. Såleis har ein om hausten dei to siste åra funne torsk heilt nord til 82°30'N (nord for Frans Josefs land) og aust til 79°Ø (i det nordlege Karahavet).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyane, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanteren. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.